



Leiar Bygg, anlegg og elektro
Knut Hopland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/4993 - 20/74118

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

20.11.2020

Etterlyser dokumentasjon fettutskiljar - Gbnr 323/181 Frekhaug sjukeheim

Samfersel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til vår e-post av 03.02.2020 samt brev av 25.02.2020 og 16.09.2020 der vi etterlyser dokumentasjon på anlegg ved Frekhaug sjukeheim.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vore i telefonkontakt med vaktmester og driftsansvarleg for bygg. Dei har opplyst om at alt ansvar for anlegg er overført til kjøkkenet. Vi har meldt tilbake om at driftsavdelinga framleis har hovudansvar for anlegg. Vi ba dei om å sende inn etterlyst dokumentasjon. Denne dokumentasjonen ville dei ikkje sende inn før deira avdelingsleiar hadde godkjent dette. Avdelingsleiaren har, per dags dato, ikkje svart på våre brev.

Etter der vi forstår vert anlegg tømt 1 gong per år. Det betyr at anlegg er heilt fullt det meste av året. Fullt anlegg har ingen funksjon, da det ikkje lenger klarer å skille ut meir fett. Det gjer at det resterande fettete går ut på kommunalt avløp og avsettes der. Dette fører til at kommunalt avløpsnett går tett og ein kan få tilbakeslag av kloakk i bygg som er knytt på avløpsnettet.

Feil drift av anlegg vil redusere anlegget sin levetid. Normalt har eit anlegg ei levetid på 20 til 25 år avhengig av når anlegg er produsert. Denne levetida føreset at anlegg har rett drift og får nødvendig vedlikehald.

For å finne rett tømme- og loggefrequens for anlegg har vi bedt om følgjande dokumentasjon:

- Anlegget sin størrelse. Oppgis i NS (liter/sekund)
- Utstyr som er knytt på anlegg (oppvaskmaskiner, steamere, kombidampere, skyllekummer, kokekar, vippepanner og tappekraner med meir. Alt utstyr skal oppgis.
- Når vart anlegg installert
- Situasjonsskart som viser plassering av anlegg og tilknytingspunkt på kommunalt avløpsnett.

For å finne ut korleis anlegg fungerer har vi bedt om følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport for 2019 (tømmerapporter, temperaturlogger og kontroll/vedlikehaldsrapport).
- Kopi av tømmeavtale som er inngått med godkjent tømmeoperatør.

Førehandsvarsel om tvangsmulkt

I samsvar med forvaltningslova § 16 vert det gitt eit førehandsvarsel om tvangsmulkt. Kommunen har heimel til å fatte vedtak om tvangsmulkt i forureiningslova § 73, jf. Forureiningsforskrifta § 40-6. Føremål med tvangsmulkt er å motivere verksemdar til å sende inn dokumentasjon som viser at

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

anlegg kan støtte kommunen sitt krav til utslepp på kommunalt avløpsnett. Når vedtak om tvangsmulkt er gitt, vil mulkten løpe inntil forholda er retta.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eigedomsforvaltning

Mottakarar:

Leiar Bygg, anlegg og elektro